



Adresseliste

Hydro må styrke kompetansemiljøa og auke aluminiumsproduksjonen i Sogn

Sogn regionråd gjorde i møtet 26. oktober 2012 følgjande vedtak:

Sogn regionråd er tilfreds med at Hydro har signalisert auka satsing på aluminiumsproduksjon i Noreg. Rammevilkåra fell no på plass. Både grønne sertifikat, nytt industrikraftregime, kraftbalansen og framlegget til klimakompensasjon er viktige element.

Aluminium er fornybar energi i «frosen form». 75 % av all produsert aluminium er framleis i bruk. Resirkuleringa er høg og med særst lågt energiforbruk. Soleis er aluminium produsert på vasskraft eller anna fornybar energi eit godt miljøprodukt.

Noreg er verdsleiande i miljøvenleg og energiøkonomisk aluminiumsproduksjon. Teknologisenteret i Årdal er det sentrale kompetansenavet for denne verdsleiande posisjonen.

Hydro har også hand om store vasskraftressursar bunden til industriproduksjon her i fylket.

Sogn regionråd meiner det er viktig å styrke dette kompetansemiljøet og legge til rette for vidare verdsleiande teknologiutvikling. Ein god måte er å etablere ein fullskala forsøkshall i tilknytning til Teknologisenteret i Årdal.

Sogn regionråd vil sterkt oppmode Hydro å styrke kompetansen og miljøprofilen gjennom ei slik satsing.

Med helsing

Noralv Distad
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Adresseliste

Næringsminister Trond Giske

Styreleiar i Norsk Hydro ASA, Terje Vareberg

Konsernsjef i Norsk Hydro ASA, Svein Richard Brandtzæg

Næringskomiteen på Stortinget v/leiar Terje Aasland

Stortingsbenken Sogn og Fjordane